



Sartor & Drange AS  
Postboks 374  
5343 Straume

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Astrid Holte, 5557 2319

## Rapport frå inspeksjon ved Sartor & Drange AS avd. grunnarbeid, Hauglandsdalen

**Kontrollnummer: 2023.216.I.SFVL**

Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:

Torbjørn Oppdal (formann)

Hans Joacim Bakke (prosjektleder)

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Åsmund Skancke Karlsnes

Astrid Holte

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Sartor & Drange AS avd. grunnarbeid (Sartor & Drange AS) den 26. oktober 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkar 2 avvik og ga ingen merknadar under inspeksjonen.

#### Avvik:

1. Oppsamling av vatn og overvaking av utslepp har manglar
2. Rutinar og avvikshandtering har manglar

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Med helsing

Åsmund Skancke Karlsnes  
overingeniør

Astrid Holte  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til: Askøy kommune



## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> Sartor & Drange AS avd. grunnarbeid	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 972209635	<b>Eigd av:</b> 957213219
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 43.120 - Grunnarbeid	

### Kontrollerte einingar

<b>Namn:</b> Hauglandsdalen Åsebø mottak for reine massar	<b>Anleggsnr.:</b> 4627.0206.03
<b>Kommune:</b> Askøy	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Deponi	
<b>Løyve gitt:</b> 10. juli 2019	<b>Sist endra:</b> 18. mars 2020

<b>Namn:</b> Askøy næringspark, knuseverk, Sartor & Drange AS	<b>Anleggsnr.:</b> 4627.0231.02
<b>Kommune:</b> Askøy	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Pukkverk	
<b>Løyve gitt:</b> regulert i forureiningsforskrifta kap. 30	<b>Sist endra:</b> -

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år og omfatta drift av deponi for reine massar og visse delar av pukkverket.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfallshandtering
- Mottakskontroll
- Utsleppskontroll

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.



**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Sartor & Drange AS avd. grunnarbeid pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 1. februar 2024** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

### 4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda på tilsynet den 26. oktober 2023. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Sartor & Drange AS avd. grunnarbeid betale eit gebyr på kr 22 500,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### 5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden Norske Utslepp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

### 6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:



## Avvik 1: Oppsamling av vatn og overvaking av utslepp har manglar

**Avvik frå:** Løyve etter forureiningslova, sist endra 08.04.2022,

- punkt 4.2 Avløpsvatn og forureina overvatn
- punkt 12 Utsleppskontroll og rapportering

### **Kommentarar til regelverket**

#### Krav til avløpsvatn og forureina overvatn

Vatn som drenerer frå området for massemtak, skal leiast til område med filtrering og sedimentering.

#### Krav om utsleppskontroll og rapportering

Krav om utsleppskontroll og rapportering omfattar mellom anna

- krav til representativ prøvetaking av utslepp til vatn
- årleg rapportering til Statsforvaltaren om status for utslepp
- vurdering av om verksemda fører til miljøulemper som bør utbetrast

I program for utsleppskontroll skal det gå fram kor ofte ein må ta prøver for at dei skal vere representative og kva parametrar som skal undersøkjast. Verksemda må kvart år, på bakgrunn av måling av utsleppet, vurdere om det er fare for at utsleppet fører til miljøulemper i resipienten.

### **Observasjonar**

#### Manglar ved oppsamling av vatn i nedre del

Verksemda hadde ikkje gjort tilstrekkelege tiltak for å sikre at alt vatn i søraustlege deler av deponiet vart leia til sedimenteringsbassenget. Ein del anlegget hadde avrenning direkte mot vatnet, og ikkje mot sedimenteringsbassenget. Ved tilsynet hadde våte massar og vatn frå massane rent ned mot vatnet. Massane hadde stoppa i ei myr rett før det nådde fram til vatnet.

#### Manglande oppsamling og prøvetaking av vatn frå røyr gjennom deponiet

Rør gjennom fyllinga var tørt ved innløp, men førte vatn i utløpet. Dette tyder på at vatnet stammer frå fyllinga og skulle vært ført til sigevassbassenget, men det var ikkje tilfelle. Det vart opplyst at meininga var at dette røyr skulle vere tett og berre føre reint overflatevatn frå området oppstrøms gjennom deponiet. Det var uklart om leidningen var lagt som drensrøyr, slik at vatn frå deponiet drenerer inn i røyrret. Det var ikkje gjennomført prøvetaking av innhald av forureining i dette vatnet, eller undersøkt vassmengder i dette røyrret.

#### Manglar ved måling og vurdering av utslepp til vatn

Det vart opplyst at verksemda nyleg hadde starta med prøvetaking av utsleppet fire gongar per år, men resultat frå analysane var ikkje tilgjengeleg på tilsynet. Verksemda har heller ikkje ettersendt resultatata. Det var dermed ikkje grunnlag for å vurdere forureininga frå anlegget eller om omfang av parametrar er tilstrekkeleg.

Verksemda gjer ikkje eigne vurderingar av analyser av utsleppet, og om utsleppet fører til miljøulemper i resipienten. Det vart opplyst at Eurofins gjer ei vurdering av resultatet, men verksemda hadde ikkje sett seg inn i kva standardar Eurofins vurderer analysane opp mot. Det var ikkje etablert rutine for samanstilling og vurdering av analyseresultatata konsekvensar for resipienten.



## Avvik 2: Rutinar og avvikshandtering har manglar

### Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 om rutinar
- Løyve etter forureiningslova, sist endra 08.04.2022,
  - Punkt 2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg
  - punkt 3.2 Journalføring og dokumentasjon ved mottak
  - punkt 3.3 Mottakskontroll

### Kommentarar til regelverket

#### Krav til rutinar og avvikshandtering

Verksemnda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket, inkludert vilkår i løyvet. Avviksregistrering er viktig for å hindre gjentakning av feil og manglar. Rutinar og avvikshandtering skal dokumenterast skriftleg og inngå i internkontrollen.

#### Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemnda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemnda å redusere sine utslepp, under dette støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for gjennom vilkår i løyvet.

#### Krav til journalføring og dokumentasjon ved mottak

Verksemnda skal føre dagleg journal over kva slags massar, kvalitet, opphav og mengder som blir tekne imot ved anlegget. Registrering av avfallet skal skje med vekt eller volum. Mengder og disponeringsstader skal journalførast.

#### Krav til mottakskontroll

Verksemnda skal ha rutinar for mottakskontroll for å sikre at massane som kjem inn til anlegget ikkje er i strid med løyvet. Verksemnda er sjølv ansvarleg for å halda seg oppdatert om eventuelle endringar i desse normverdiene. Rutinane skal også hindre innblanding av ulovleg avfall, og at ulovleg avfall som kjem inn på anlegget blir sortert ut og levert til lovleg avfallsanlegg. Verksemnda skal også gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreiring og etablering av framande artar.

### Observasjonar

#### Mangelfulle rutinar for mottakskontroll

Verksemnda tek ikkje stikkprøver for å sjekke om massane dei tek imot inneheld forureining eller framande skadelege artar. Dei reknar med at dette vert undersøkt på opphavsstaden. Sjølv om verksemnda berre tek imot massar frå eigne prosjekt, er det nødvendig å gjere stikkprøvar for å undersøke om kontrollen på opphavsstaden fungerer og for å sikre at anlegget ikkje tek imot massar som er i strid med løyvet.

#### Mangelfulle rutinar for journalføring

Verksemnda journalfører ikkje informasjon om innhald av forureining eller innhald av framande skadelege artar i massane dei tek imot. Dette er nødvendig for å kunne dokumentere at anlegget berre tek imot massar som er omfatta av løyvet.



### Mangla rutine for tømning og disponering av slam frå sedimenteringsbasseng

Verksemda mangla rutinar for tømning og disponering av slam i sedimenteringsbassenget. Dette er viktig for å sikre at verksemda driv i tråd med løyvet og reduserer forureining så langt som mogleg. Manglande rutinar for tømning av slam kan til dømes føre til at slammet vert spylt ut i vatnet ved store vassmengder. Oppfylling av bassenget med slam kan føre til kortare opphaldstid og lågare reinseeffekt. Manglande rutinar for disponering av slammet kan føre til at innhald av forureining i slammet ikkje vert undersøkt før disponering, at det ikkje vert gjennomført basiskarakterisering av slam før levering til deponi, og at slammet ikkje vert disponert på lovleg anlegg.

### Manglar ved registrering og oppfølging av avvik

Ved tilsynet hadde våte massar og vatn frå massane rent direkte ned mot vatnet. Denne hendinga var ikkje registrert og følgt opp som eit avvik. Verksemda opplyste at dei oppfatta dette som eit avvik og at avviket ville bli registrert og følgt opp etter tilsynet.

Mangelfull prøvetaking av utslepp til vatn er ikkje registrert som avvik i avvikssystemet. Dette vart kommentert i tilbakemelding på eigenkontrollrapporten for 2022. Verksemda har følgt opp tilbakemeldinga ved at det er etablert 4 prøvetaking per år.

## 7. Merknader

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

## 8. Andre forhold

Statsforvaltaren fekk i november 2022 og september 2023 klage frå Naturvernforbundet Askøy på støv frå anlegget. Verksemda fekk sjå utskrift av klagen frå 2023 på tilsynet. Det vart klaga på at vegetasjonen på andre sida av riksvegen var gråfarga av steinstøv, og at det ikkje vart vatna under knusing.

På tilsynet informerte verksemda om at verksemda om tiltak for å redusere støv frå anlegget. Mellom anna var vegen inn på anlegget asfaltert, det var rutine for fukting av massar på lager, og vatning av massar i finknuser. Massar til grovknusing vart ikkje vatna i dag, men fukt i massane vart vurdert før knusing. Det vart vidare opplyst at anlegget skulle få ny knuser med vatning. Verksemda opplyste at dei målte støvnedfall ved nærast nabo, og at resultatane var langt under krava i forureiningsforskrifta.

## 9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Forureiningsforskrifta
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren



## 10. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- [Forskrift om begrensning av forurensning \(forureiningsforskrifta\) kapittel 2](#)
- [Miljødirektoratet: Rettleiar om disponering av jord og stein som ikkje er forureina](#)
- [Statsforvaltaren i Innlandet: Informasjon til mottak av reina massar om løyve etter forureiningslova](#)